



Asle Øvstedal  
Mykingvegen 1169  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9165 - 21/68522

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
14.10.2021

## Etterlyser tilbakemelding på retting av avvik gbnr 38/28

**Tiltak:** Melding om avvik, utløp tett  
**Byggjestad:** Gbnr: 38/28  
**Tiltakshavar:** Asle Øvstedal  
**Ansvarleg søkjar:**

Viser til vårt brev datert 16.02.2021 med krav om tilkopling til kommunalt avløpsanlegg. Fristen vart sett til 15.08.2021. Du fekk også informasjon om kva du må gjere vidare i saka.

Den 03.03.2021 vart Alver kommune informert om, av Vest VVS AS, at prosessen vedk. tilknytning til kommunalt avløpsanlegg var sett i gang. Vi har ikkje motteke meir informasjon etter dette.

Vi ber deg om å sende oss følgjande:

- Du må sende oss informasjon om søknadsprosessen vedk. tilknytning til kommunalt avløpsanlegg.
- Du må sende oss informasjon om kva tiltak som vart gjort for å utbetre septiktanken eller eventuelt stoppe vidare forureining.
- Du må bekrefte/avkrefte om septiktanken er i bruk i dag av nokre av husa på eigedommen.

Frist for tilbakemelding på dette brevet er satt til **05.11.2021**.

Vi gjer merksam på at førehandsvarselet med krav om tilkopling til offentleg avløpsanlegg, datert 16.02.2021, framleis er gjeldande.

### **Plikt til tilknytning til kommunal VA-anlegg**

I følge plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går over eigedomen, i veg som grensar til eigedomen, eller over nærliggjande areal knytast til dei offentlege leidningane. Tilknytning til offentleg avløpsordning er søknadspliktig, jf. pbl § 20-1 bokstav f, jf. § 20-2.

**Aktuelt regelverk**

- Tilknytingsplikta følger av pbl. § 27-2.
- Kommunen kan godkjenne ei anna ordning viss tilknytning vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad», jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vest Vvs AS

Torvhusmyrane 18

5913

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Asle Øvstedal

Mykingvegen 1169

5957

MYKING